



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet
Møtedato:	05.06.2025
Møtetid:	09:00 - -17:30
Møtestad:	Knarvik - Helsehuset, Nordhordland

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Sara Sekkingstad	ordfører	SP	
Nina Bognøy	varaordfører	AP	
Ingrid Fjeldsbø	medlem	H	Gjekk etter handsaming av sak 62/25
Pål Inge Fosse Hopland	medlem	AP	
Torgeir Andvik	medlem	SP	
Irene Stendal Østerbø	medlem	VIP	
Stian Lavik	medlem	KRF	

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Nils Marton Aadland	MEDL	H
Astrid Aarhus Byrknes	MEDL	KRF
Lasse Turøy	MEDL	SV
Mary-Ann Mostraum	MEDL	FRP

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
------	-------	-------	---------

Esben Helland	varamedlem	FRP	
Marius Hellan	varamedlem	V	
Hindenes			
Bjørnar Smørdal	varamedlem	R	Gjekk etter
Grindheim			handsaming av sak 63/25
Yngve Walaker	varamedlem	FRP	
Asle Hetlebakke	varamedlem	KRF	Møtte som vara til generalforsamling KIM as og KIM Eigedom AS

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Tove Mette Arnø Fyllingen	Avdelingsleiar
Christian Fredrik Fotland	Kommunedirektør
Kristin Moe	Kommunalsjef
Eirik Bouwer Utne	
Andris Hamre	
Runar Bleie Bertheussen	
Argita Lleshi	
Inger Marie Jordal	Tenesteleiar
Arne Eikefet	
Ola Viken Stalund	
Leni Dale	Kommunalsjef
Jarle Landås	Kommunalsjef
Leif Bjørnar Hopland	

Møteprotokoll er publisert på kommunens nettside og vert godkjent i neste møte.

Tove Mette Arnø Fyllingen

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Tittel	Unntak frå innsyn
PS 49/25	Godkjenning av innkalling og saksliste	
PS 50/25	Godkjenning av møteprotokoll frå 08.05.2025	
PS 51/25	Søknad om ekstraordinært driftstilskot - Lyngheisenteret	
PS 52/25	Tiltaksplan investering vatn og avløp 2025-2034	
PS 53/25	Språkbruksplan for Alver kommune	
PS 54/25	Høyring - Prehospital plan i Helse Bergen HF 2025- 2035	
PS 55/25	Miljøløftet - handlingsprogram 2026-2029 - lokalpolitisk behandling	
PS 56/25	Utbygging heildøgnbaserte omsorgsbustadar	
PS 57/25	Årsmelding 2024 Alver kommune	
PS 58/25	Årsrekneskap 2024 Alver kommune	
PS 59/25	Økonomisk rapport 1.tertial 2025	
PS 60/25	Sommarfullmakt ordførar	
PS 61/25	Oppfølging av vedtatt barnehage- og skulebruksplan - Kløvheim Skule	
PS 62/25	Oppfølging av vedtatt barnehage - og skulebruksplan - Myking skule	
PS 63/25	Oppfølging av vedtatt barnehage- og skulebruksplan - Austebygd skule og barnehage	
PS 64/25	Søknad om fritak frå eigedomsskatt etter § 7a- *****	Offl. § 13, jf. Fvl. § 13 2. ledd
PS 65/25	Søknad om fritak frå eigedomsskatt etter § 7a - *****	Offl. § 13, jf. Fvl. § 13 2. ledd
PS 66/25	Søknad om fritak frå eigedomsskatt etter § 7a- *****	Offl. § 13, jf. Fvl. § 13 2. ledd

PS 67/25	<i>Søknad om fritak frå eigedomsskatt etter 7a- *****</i>	Offl. § 13, jf. Fvl. § 13 2. ledd
PS 68/25	Godkjenning av framforhandla salsavtale - Kvassnesvegen 29/39	Offl. § 23 4. ledd
PS 69/25	Melding/orientering til formannskapet	
RS 14/25	<i>Investeringar - orientering i møtet</i>	
RS 15/25	<i>Status miljøløftet - orientering i møtet</i>	
RS 16/25	<i>Orientering frå kommunedirektør</i>	

PS 49/25 Godkjenning av innkalling og saksliste

Handsaming i Formannskapet - 05.06.2025:

Innkalling og saksliste vert godkjent, samrøystes.

Vedtak i Formannskapet - 05.06.2025:

Innkalling og saksliste er godkjent.

PS 50/25 Godkjenning av møteprotokoll frå 08.05.2025

Handsaming i Formannskapet - 05.06.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 05.06.2025:

Møteprotokollen vert godkjent.

PS 51/25 Søknad om ekstraordinært driftstilskot - Lyngheisenteret

Handsaming i Formannskapet - 05.06.2025:

Framlegg om val av setjeordførar Torgeir Andvik-SP, framlegget vart samrøystes vedteke.

Det var stilt spørsmål om habilitet frå:

- Sara Sekkingstad, styreleiar i Museumssenteret Hordaland. Samrøystes vedteke at Sara Sekkingstad er inhabil i denne saka.
- Nina Bognøy, styreleiar i stiftinga Lyngheisenteret. Samrøystes vedteke at Nina Bognøy er inhabil i denne saka.
- Yngve Walaker, varamedlem (har ikkje møtt) til styret i stiftinga Lyngheisenteret. Samrøystes vedteke at Yngve Walaker er habil i denne saka.

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Innstilling i Formannskapet - 05.06.2025:

Alver kommunestyre godkjenner tilskot kr 200 000 til Museumssenteret i Hordaland, til drift av Lyngheisenteret. Vilkår og pliktar går fram av Retningslinjer for tilskot til kultur og idrett i Alver kommune. Tilskotet vert finansiert over disposisjonsfondet.

PS 52/25 Tiltaksplan investering vatn og avløp 2025-2034

Handsaming i Formannskapet - 05.06.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Innstilling i Formannskapet - 05.06.2025:

«Kommunestyret vedtar revidert tiltaksplan for vatn og avløp 2025-2034. Planen skal innarbeidast i økonomiplan investering 2026-2029.»

PS 53/25 Språkbruksplan for Alver kommune

Handsaming i Formannskapet - 05.06.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegg frå M.Hindenes-V:

Tilleggspunkt under punkt 5.

Kommunikasjon som er retta ut mot innbyggjarane på sosiale media og på nettstader frå kommunikasjonsavdelinga skal så langt det er teknisk mogleg bruka dei valfrie formane som er nærast striladialekta som er typisk for området: til dømes me, verta og a-infinitiv.

Framlegget fekk 4 røyster og fall (B.Grindheim-R, S.Sekkingstad-SP, T.Andvik-SP og M.Hindenes-V) mot 7 røyster.

Endringsframlegg frå T.Andvik-SP

Legge til i siste punkt under 5. Tiltak, Skule og barnehage:

... vaksenopplæringa i 2026.

Framlegget fekk 5 røyster og fall (S.Sekkingstad-SP, T.Andvik-SP, B.Grindheim-R, M.Hindenes-V og Y.Walaker-FRP) mot 6 røyster.

Tilleggsframlegg frå T.Andvik-SP:

Kommunestyret ber om at følgjande tekst vert innarbeida i planen:

Dei tre tradisjonelle målmerka for Alver kommune er a-infinitiv, vert og me. Dette er viktige identitetsmarkørar for kulturarven vår og viktig for identiteten til strilar og strilamålet i området.

Den beste måten å ta vare på målmerka, er gjennom bruk, både i talemål og skriftmål.

Framlegget fekk 4 røyster og fall (S.Sekkingstad-SP, T.Andvik-SP, B.Grindheim-R og M.Hindenes-V)

Innstilling i Formannskapet - 05.06.2025:

- Kommunestyret vedtar språkbruksplan med tilhøyrande handlingsdel for Alver kommune.

- Planen skal reviderast etter fire år.

PS 54/25 Høyring - Prehospital plan i Helse Bergen HF 2025-2035

Handsaming i Formannskapet - 05.06.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 05.06.2025:

Alver kommune gjev uttale i samsvar med vurderingane i saksutgreiinga.

PS 55/25 Miljøløftet - handlingsprogram 2026-2029 - lokalpolitisk behandling

Handsaming i Formannskapet - 05.06.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Innstilling i Formannskapet - 05.06.2025:

Alver kommune sluttar seg til Miljøløftet sitt handlingsprogram 2026-2029

PS 56/25 Utbygging heildøgnbaserte omsorgsbustadar

Handsaming i Formannskapet - 05.06.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegg frå P.I.Hopland-AP:

Helsetenestene skal i utgangspunktet verta drifta av kommunen sine tilsette.

Framlegget vart vedteke med 6 røyster (N.Bognøy-AP, P.I.Hopland-AP, S.Sekkingstad-SP, B.Grindheim-R, T.Andvik-SP og I.Østerbø-VIP) mot 5 røyster.

Innstilling i Formannskapet - 05.06.2025:

Kommunedirektøren får i fullmakt å gå i dialog med interessentar om bygging og drift av heildøgnbaserte omsorgsbustader.

Samarbeidsavtalar vert å leggje fram til politisk handsaming.

Helsetenestene skal i utgangspunktet verta drifta av kommunen sine tilsette.

PS 57/25 Årsmelding 2024 Alver kommune

Handsaming i Formannskapet - 05.06.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Innstilling i Formannskapet - 05.06.2025:

Kommunestyret tek årsmeldinga for Alver kommune for 2024 til orientering.

PS 58/25 Årsrekneskap 2024 Alver kommune

Handsaming i Formannskapet - 05.06.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Innstilling i Formannskapet - 05.06.2025:

Kommunestyret godkjenner Alver kommune sitt årsrekneskap for 2024

PS 59/25 Økonomisk rapport 1.tertial 2025

Handsaming i Formannskapet - 05.06.2025:

Fellesframlegg:

Alver kommune tildeler Tommy Urhaug kr. 50 000,- i årleg støtte fram til Paralympics 2028 i Los Angeles, gjeldande frå 2025. Endringa finansieres med midlar fra disposisjonsfond.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Innstilling i Formannskapet - 05.06.2025:

1.Kommunestyret tek økonomirapport pr. 1. tertial 2025 til orientering.

2.Det vert føreteke budsjettjusteringar knytt til drift, sentrale poster og disposisjonsfond for 2025 slik det går fram av "Status drift for kommunen (§5-4 første ledd)" og "Status drift for tenestekområda (§5-4 andre ledd)".

Kommunestyret vedtek bevilgningsoversikt og endringar slik det framgår av "Status drift for kommunen (§5-4 første ledd)", "Status drift for tenestekområda (§5-4 andre ledd)" og "§5-5 Bevilgningsoversikt investering (2A)" i 1. tertialrapport.

Sum av endringsframlegga inneber at netto driftsresultat er redusert med 6,9 mill. kr, frå minus 56,0 mill. kr til minus 62,9 mill. kr.

3.Det vert føreteke budsjettjusteringar knytt til investering for 2025 slik det går fram av "§5-5 Bevilgningsoversikt investering (2A)" og "§5-5 Bevilgningsoversikt investeringar (2B) pr prosjekt".

I sum vert investeringsutgiftene redusert med 89,7 mill. kr frå 582,4 mill. kr til 492,7

mill. kr.

Endring i finansiering:

- a. Bruk av lånemidler vert redusert med 106,3 mill. kr.
- b. Kompensasjon for meirverdiavgift vert redusert med 3,1 mill. kr.
- c. Tilskot frå andre vert auka med 19,7 mill. kr.

4. Driftstilskot til kyrkjeleg fellesråd vert redusert med 800 000 kr som følgje av ny tenesteytingsavtale knytt til kontorlokale til Kyrkjetorget på Frekhaug. Motpost er tilsvarande auka budsjett til eigedomsforvaltning for leige av lokala.

5. Finansrapport per 1. tertial 2025 vert tatt til orientering.

Alver kommune tildeler Tommy Urhaug kr. 50 000,- i årleg støtte fram til Paralympics 2028 i Los Angeles, gjeldande frå 2025. Endringa finansieres med midlar fra disposisjonfond.

PS 60/25 Sommarfullmakt ordførar

Handsaming i Formannskapet - 05.06.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes bvedteke.

Innstilling i Formannskapet - 05.06.2025:

- Med heimel i kommunelova § 6-1 gjev kommunestyret ordførar (eller varaordførar i ordførar sitt fråver) delegert mynde til å ta avgjerd i saker som haster og som ikkje er av prinsipiell betyding i kommunestyret sin sommarferie (sommarfullmakt)
- Dersom saka gjeld eit ansvarsområde eit anna utval har vedtaksmynde i, vil dette utvalet sin sommarferie avgrense delegert mynde.
- Ordførar skal etter ferien gje tilbakemelding i referatsak om bruk av sommarfullmakt til kommunestyret eller til det utval som har avgjerdsmunde.

PS 61/25 Oppfølging av vedtatt barnehage- og skulebruksplan - Kløvheim Skule

Handsaming i Formannskapet - 05.06.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg punkt 1 - 4 vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren sitt framlegg punkt 5 fekk ingen røyster og fall.

Endringsframlegg T.Andvik-SP:

Punkt fem i kommunedirektøren sitt framlegg vert endra. Bygda skal ikkje ha kostandar knytt til ballbingen og ev overføring/avhending.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Framlegg frå T.Andvik-SP:

1. Eigedommen kan avhendast før arealdelen til kommuneplanen er vedteke.
2. Det er ikkje naudsynt med eigen moglegheitsstudie for å vurdere om bygningsmassen kan nyttast til andre offentlege føremål.
3. Lag og organisasjonar med tilknyting til bygda skal få moglegheit til å overta bygg med tilhøyrande eigedom. Eigedom og bygg vert lagt ut på nettsida til Alver kommune i 1 månad etter skulestart slik at lag og organisasjonar kan melde sin interesse. Alver kommune skal ikkje ha verken drifts- eller vedlikehaldsutgifter med bygga etter ei eventuell overdraging.
4. Kommunestyret ber kommunedirektøren gå i dialog med lag og organisasjonar med tilknyting bygda for å kartleggje kva ønskjer lag og organisasjonar har for skulebygget, og kva for løysingar som er teoretisk og økonomisk moglege å gjennomføra.
5. Kommunestyret ber kommunedirektøren leggje fram ei sak for kommunestyret etter dialog med lag og organisasjonar i bygda om ønskjer for skulebygget, og når det er avklart om lag og organisasjonar ønskjer å overta bygget.
6. Dersom eigedommen vert lagt ut for sal, skal bygda få moglegheit til å overta ballbingen utan ekstra kostnader.
7. Aktivitet som er i bygget i dag, som korpsøving med meir kan fortsetja som før, fram til det er avgjort kva som skal skje med bygget.

Framlegget fekk 4 røyster og fall (B.Grindheim-R, S.Sekkingstad-SP, T.Andvik-SP og M.Hindenes-V) mot 7 røyster.

Framlegg frå T.Andvik-SP:

Kommunedirektøren går i dialog med bygdelaget og korpset for å klarleggja deira ynskjer og behov. Dette bør gjerast rundt skulestart hausten 2025. Skulekorpset kan bruka bygget fram til avgjerd er tatt i saka.

Framlegget vart vedteke med 10 røyster, mot 1 røyst (S.Lavik-KRF)

Framlegg frå I.Fjeldsbø-H:

Alternativt punkt 5: Dersom eigedommen vert lagt ut for sal, skal bygda få moglegheit til å overta ballbinga.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Innstilling i Formannskapet - 05.06.2025:

1. Eigedommen kan avhendast før arealdelen til kommuneplanen er vedteke.

2. Det er ikkje naudsynt med eigen moglegheitsstudie for å vurdere om bygningsmassen kan nyttast til andre offentlege føremål.
3. Lag og organisasjonar med tilknytning til bygda skal få moglegheit til å overta bygg med tilhøyrande eigedom. Eigedom og bygg vert lagt ut på nettsida til Alver kommune i 1 månad slik at lag og organisasjonar kan melde sin interesse. Eventuell ny eigar må ta kostnadene ved overdraginga. Alver kommune skal ikkje ha verken drifts- eller vedlikehaldsutgifter med bygga etter ei eventuell overdraging.
4. Dersom det ikkje er meldt interesse innan 1 månad etter annonsering, vert bygg og eigedom lagt ut for sal. Eigedom med tilhøyrande bygningsmasse skal seljast til høgstbydande.
5. Bygda skal ikkje ha kostandar knytt til ballbingen og ev overføring/avhending.

Dersom eigedommen vert lagt ut for sal, skal bygda få moglegheit til å overta ballbinga.

Kommunedirektøren går i dialog med bygdelaget og korpset for å klarleggja deira ynskjer og behov. Dette bør gjerast rundt skulestart hausten 2025. Skulekorpset kan bruka bygget fram til avgjerd er tatt i saka.

PS 62/25 Oppfølging av vedtatt barnehage - og skulebruksplan - Myking skule

Handsaming i Formannskapet - 05.06.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg fekk 2 røyster og fall (N.Bognøy-AP og P.I.Hopland-AP)

Framlegg frå I.Fjeldsbø-H:

1. Eigdommen kan avhendast før eventuell omregulering av arealføremålet.
2. Det er ikkje naudsynt med eigen moglegheitsstudie for å vurdere om bygningsmassen kan nyttast til andre offentlege føremål.
3. Alver Kommune sel bygningsmassen med tilhøyrande uteområde på Myking Skule til Myking Bygdelag Trivselgrenda for kr1.- Alver kommune tek kostnadane ved overdraginga. Alver kommune skal ikkje ha verken drifts- eller vedlikehaldsutgifter med bygga etter ei eventuell overdraging. Skulen vert overteke så snart det er mogeleg etter skuleslutt juni 2025.
4. Alt materiell og utstyr som har vore i bruk på skulen dette skuleåret skal så langt mogeleg overtakast saman med bygningsmassen. Alver Kommune vil i tillegg vera behjelpeleg med naudsynt utstyr som trengs. Alver kommune skal ikkje ha utgifter til rydding eller reingjering.

Framlegget vart vedteke med 9 røyster, mot 2 røyster (N.Bognøy-AP og P.I.Hopland-AP)

Innatilling i Formannskapet - 05.06.2025:

1. Eigedommen kan avhendast før eventuell omregulering av arealføremålet.
2. Det er ikkje naudsynt med eigen moglegheitsstudie for å vurdere om bygningsmassen kan nyttast til andre offentlege føremål.
3. Alver Kommune sel bygningsmassen med tilhøyrande uteområde på Myking Skule til Myking Bygdelag Trivselgrenda for kr1.- Alver kommune tek kostnadane ved overdraginga. Alver kommune skal ikkje ha verken drifts- eller vedlikehaldsutgifter med bygga etter ei eventuell overdraging. Skulen vert overteke så snart det er mogeleg etter skuleslutt juni 2025.
4. Alt materiell og utstyr som har vore i bruk på skulen dette skuleåret skal så langt mogeleg overtakast saman med bygningsmassen. Alver Kommune vil i tillegg vera behjelpeleg med naudsynt utstyr som trengs. Alver kommune skal ikkje ha utgifter til rydding eller reingjering.

PS 63/25 Oppfølging av vedtatt barnehage- og skulebruksplan - Austebygd skule og barnehage

Handsaming i Formannskapet - 05.06.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart vedteke med 6 røyster (N.Bognøy-AP, M.Hindenes-V, P.I.Hopland-AP, S.Lavik-KRF, E.Helland-FRP og I.Østerbø-VIP) mot 4 røyster.

Framlegg frå T.Andvik-SP:

Kommunestyret ber kommunedirektøren å gå i dialog med lag og organisasjonar med tilknytning til bygda for å kartlegge kva ønskje lag og organisasjonane har for skulebygget. Dersom lag og organisasjonar kan nytte skulebygget til formål som er i tråd med grunneigarane sine ønskjer, vil kommunestyret be kommunedirektøren gå i dialog med grunneigar og lag og organisasjonar for å overføre bygningsmassen og festeavtalen.

Framlegget fekk 4 røyster og fall (T.Andvik-SP, S.Sekkingstad-SP, B.Grindheim-R og Y.Walaker-FRP)

Innstilling i Formannskapet - 05.06.2025:

Kommunestyret vedtar å rive bygningsmassen på Austebygd barnehage og skule. Arealet vert tilbakeført til bortfestar og festeavtalen vert avslutta. Kostnader knytt til riving og tilbakeføring, ca. 4,4 mill. eks. mva. vert innarbeidd i driftsbudsjettet i økonomiplan for 2026.

PS 64/25 Søknad om fritak frå eignedomsskatt etter § 7a- *****

PS 65/25 Søknad om fritak frå eignedomsskatt etter § 7a - *****

PS 66/25 Søknad om fritak frå eignedomsskatt etter § 7a- *****

PS 67/25 Søknad om fritak frå eignedomsskatt etter 7a- *****

PS 68/25 Godkjenning av framforhandla salsavtale - Kvassnesvegen
29/39

PS 69/25 Melding/orientering til formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 05.06.2025:

Meldingane vert tekne til orientering, samrøystes.

Vedtak i Formannskapet - 05.06.2025:

Meldinga er teke til orientering.